



# Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Sak nr 47/2010

Møtedato: 24.11.10

Møtestad: Slidretun

Arkiv nr: S770

## S770, Sørre Trøllhøvd – søknad om feste på stølshus

Randi Nordviste har i brev datert 4.8.10 søkt til Vestre Slidre kommune om ein fullstendig bruksrasjonalisering av eigedomen Nordviste 75/53, slik at tunet blir skilt ut som separat bustadeigedom og jord- og skogbruksressursar blir skilt ut i separate delar for overføring til andre eigedomar som tilleggsjord. Føresetnaden for gjennomføring av ei bruksrasjonalisering, er at det blir gjeve løyve til fritidsfeste på stølshusa.

Vestre Slidre kommune har utsett saka, i påvente av om fjellstyret og Statskog vil godkjenne fritidsfeste på stølshusa. Som følgje av dette, søker advokat Tallhaug i brev datert 8.11.10, på vegne av Randi Nordviste, om at fjellstyret fattar eit førehandsvedtak om disponeringa av stølen om det blir gjennomført bruksrasjonalisering og Nordviste 75/3 ikkje lengre blir å rekne som ein jordbrukseigedom. Det blir konkret søkt om at fjellstyret gjer vedtak om at Randi Nordviste må søkje Statskog SF om feste av tomt for seterhusa til fritidsformål.

I søknaden er det omtala 75/53 og ikkje 75/5 som stølen ligg til. I søknaden til kommunen er det vist til både 75/5 og 75/53. På kommunekartet er 75/53 markert som eit punkt ved innkjøringa til Nordviste. Nordviste 75/5 er samla på 365 daa; 28,6 daa er fulldyrka og 4,5 daa er overflatedyrka. Resten av arealet er i all hovudsak skogsmark. Heime er det er nytt våningshus (1980) med driftsbygningar m.m. På stølen er det nytt sel (1985) på 100 m<sup>2</sup> fjøs, løe og uthus.

Ved ei bruksrasjonalisering slik det er søkt om, fell stølsretten for gardsbruket bort. Når stølsretten fell bort, skal fjellstyret behandle søknaden etter stølsforskrifta § 16.

### § 16. Bortfall av seterrett

Når seterretten fell bort fordi drifta på eigedomen er lagt ned og jorda teken i bruk til formål utanom jordbruk, eller fordi ein ikkje kan rekne eigedomen som ei jordbruksmessig eining eller jordbruk, jf. § 2 andre ledd i fjelova, skal fjellstyret gjere vedtak om:

- a. at setra skal visast ut til eigedom i drift som treng seter, jf. §§ 6 og 7, eller
- b. at den tidlegare seterbrukaren må søkje Statskog SF om feste av tomt for seterhusa til fritidsformål, eller
- c. at seterbrukaren fjernar husa om verken overføring eller oppretting av festekontrakt er aktuelt.

*Blir setra vist ut til ein annan eigedom, skal fjellstyret gjere vedtak om at den førre seterbrukaren skal fjerne husa om ikkje han, innan ei viss tid, overdreg dei til den nye seterbrukaren.*

*Før fjellstyret tek avgjerd om fjerning av hus etter første ledd bokstav c eller andre ledd, skal saka leggjast fram for regional kulturminnestyresmakt til fråsegn.*

Departementet sine merknader til § 16:

*Føresegna gir dei alternativa som ligg føre og prioriteringa mellom dei. Den tidlegare seterbrukaren sitt ønskje å få festekontrakt (bokstav b), må derfor vike for den som treng seter. Om alternativ c, fjerning av seterhus blir aktuelt, skal fjellstyret sjå til at krav om fjerning blir følgt opp.*

§ 16 skisserar tre ulike alternativ i prioritert rekkefølge. Fjellstyret skal som fyrste alternativ lyse stølen ledig for andre gardsbruk med behov for støl.

Fjellstyret har i liknande saker avslēge søknad om fritidsfeste på stølshus. Dette samsvarar også med kommuneplan som set forbod mot å opprette nye fritidsfester i statsallmenningen.

### Vedtak:

Endeleg vedtak om stølen vil fjellstyret gjera når bruket opphører som bruk og bruksretten fell bort. Saka vil då bli behandla etter stølsforskrifta §16 og fjellstyret vil signalisere at ein då vil lyse stølen ledig for andre gardsbruk med behov for støl.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 24.11.10

Harald Ranum  
sekretær

Utskrift: Adv. Tallhaug, Statskog, Vestre Slidre kommune